



KVINNHERAD KULTURSKULE

Kvinnherad kulturskule
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal
Tlf: 53 48 31 96
Fax: 53 48 32 30

For meir informasjon, sjå
www.kulturskulen.kvinnherad.no

DANS

Dans er ei uttrykksform som kan utforskast tidleg. I Kvinnherad har ein tilbod frå borna er fem til dei er tjue. Først utforsking av dans og rørslle i danseleik. Deretter vert ein kjend med steg og uttrykk i ulike dansestilar, før ein kan velja å fokusera på klassisk eller jazz, hip hop og moderne dans vidare.

Det er også eit eige dansetilbod for gutar, med fysiske utfordringar og eit tøft uttrykk.



KVINNHERAD KULTURSKULE

KUNST



Biletkunst er eit tilbod til elevar frå ni år og oppover. Det vert arbeidd med ulike teknikkar, og aktuelle uttrykk er til dømes teikning, måling med akryl og akvarell, tekstil og grafikk.

Ferdigheitene i koordinasjon mellom hand og auga vert utvikla, og elevane får bli kjend med verkty dei kan nytta for å uttrykka ideane sine med bilete.



KVINNHERAD KULTURSKULE

DRAMA



Drama som undervisning er eit relativt nytt tilbod i Kvinnherad Kulturskule. Elevane får bli kjend med mellom anna kostyme, teatersminke, dukketeater og sirkustriks. Undervisninga er knytt til kjende eventyr, forteljingar og songar.

Etterkvart vert det lært meir om roller, teateret, scenografi og replikkar. Rørsle og framføring er i fokus. Elevane set opp eigne skodespel og får framføra desse for publikum.

KVINNHERAD KULTURSKULE

INSTRUMENT

Musikk famnar om mange ulike tilbod i kulturskulen. Frå musikk-leik til instrumentopplæring. Ein kan prøva seg som aspirant og bli med i korpset, eller i rockegruppe, som er eit tilbod for dei litt eldre elevane.

Song er også eit instrument. Ein kan synga åleine, i små grupper eller i kor. Barnekora Nattergalen og Måltrosten er for dei mellom ni og tretten år.

Ungdomskoret Rimchimbih er eit tilbod til songelevane, men er elles opne for andre, gitar og jenter frå tretten år og opp.

Musikk og rytme er eit tilbod til born med funksjonshemmingar. Vaksne i følgje med assistent kan bli med i rockegruppene Amigos eller Trøkk.



Grafisk utforming, tekst og foto: Jorun Larsen

Foto frå drama og teater: Jonn Karl Sætre,
Kvinnheringen

Produksjon: Odda trykkeri

